



Målbruksplan 2019-2022

Hemsedal kommune

## Innheld

Målbruksplan 2019-2022 .....	3
Bakgrunn .....	3
Avklaring om tenestemål og administrasjonsmål .....	3
Språkpolitisk mål i Hemsedal kommune .....	3
Retningslingsliner og tiltak .....	4
Utfyllande kommentarer til målbruksplanen.....	4
Stadnamn .....	4
Gjennomføring – opplæring .....	5
Hjelpemiddel – aktuelle lenker .....	5
<b>VEDLEGG 1 Dialektfremmande tiltak .....</b>	<b>5</b>

# Målbruksplan 2019-2022

## Bakgrunn

Hemsedal kommune vedtok i Kommunestyret 01.11.2018 dette vedtaket

1. Hemsedal kommune sitt administrasjonsmål skal vera nøytralt. Hemsedal kommune sitt føretrekte mål ved offentleg informasjon skal vera nynorsk
2. Hemsedal kommune sitt tenestemål skal vera nynorsk
3. Dialektfremjande tiltak vert utarbeida i tilknyting til revidert Målbruksplan for Hemsedal i 2019
4. Det skal gis tilbod om opplæring for dei som ønskjer det

## Avklaring om tenestemål og administrasjonsmål

**Administrasjonsmålet** er den målforma ein kommune eller ein fylkeskommune vedtek å bruke i eigen administrasjon.

**Tenestemålet** er knytt til statsorgan. Tenestemålet er den målforma kommunen i samsvar med §5 i Mållova vil at statlege organ skal bruke i kommunikasjon med kommunen. Denne målforma skal også nyttast i rundskriv.

## Språkpolitisk mål i Hemsedal kommune

Hemsedal kommune har eit særleg ansvar for å ta vare på og bruke den lokale språklege kulturen. Gjennom språkbruken kan kommunen bidra til eit godt vedlikehald av språket, god språkpraksis og til interesse for lokalt sær preg og språkleg mangfold. Hemsedal skal vera ein kommune der språk og dialekt blir framheva som ein viktig del av kommunen sin kultur og identitet. Dette må også gjere seg gjeldande i barnehagane og skulane.

Hemsedal er ein innflyttarkommune og det er nynorsk som er under størst press både offentleg og privat. Kommunen sin språkpolitikk skal vera i samsvar med Stortinget sitt vedtekte prinsipp om å ta særskilt omsyn til nynorsken, og med innhaldet i stortingsmeldinga «Mål og mening – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk». Ved å fremja nynorskbruken, stimulerer ein samstundes barn og unge til å snakke dialekt. Kommunen vil elles ivareta dei språklege rettane til alle innbyggjarane uansett målform.

Det språklege mangfaldet i Noreg er ein nasjonal verdi, og Hemsedal kommune er medviten sitt ansvar for å dyrke og ta vare på sin unike bit av dette mangfaldet. Kommunen ser det som ei sentral oppgåve å verne om og støtte opp under hallingdialekta, i og med at denne er ein viktig del av bygda sin identitet og kulturarv ein arv som er under press på lik line med nynorsken. Målbruksplanen har derfor ein særskilt del med tiltak som kommunen skal setje i verk for at dialekta kan stå imot presset frå eit einsidig bokmålnært talemål.

Alle som veks opp i kommunen, skal få ei god forståing av både bokmål, nynorsk og dialekt. Mykje av grunnlaget for at talemålet til ungane blir i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er derfor viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadane. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande.

## Retningslingsliner og tiltak

1. I interne dokument og e-postar brukar sakshandsamar den målforma som kvar skriv best på, eller sjølv vel. Det same gjeld saksdokument som skal til politisk behandling.
2. Skriftspråket til dei tilsette i Hemsedal kommune skal vera enkelt, klårt, presist og brukarretta. Det skal vera korrekt etter gjeldande rettskriving.
3. Dei viktigaste kommunale planar og styringsdokument, slik som kommuneplanar, kommunedelplanar, årsmelding, årsbudsjett og årsrekneskap skal skrivast på nynorsk.
4. Struktur og oppbygginga på kommunen si nettside skal vera på nynorsk. Informasjon og kommunikasjon som er knytt til malstrukturen skal vera språknøytral. Publisering på sosiale media skal vera språknøytral.
5. Stillingsutlysingar skal i hovudsak vera på nynorsk. Det skal i utlysing og jobbintervju gjerast merksam på at Hemsedal kommune har eit språknøytralt administrasjonsmål, men at det er ein styrke om søker beherskar nynorsk.
6. Alle tilsette med saksbehandlaroppgåver skal få tilbod om kurs i godt språk generelt, og nynorsk spesielt. Kommunen har ein språkleg praksis i tråd med lovar og regelverk.
7. Innbyggjarar – folk og organisasjonar – som tek skriftleg kontakt med kommunen skal, når det let seg gjera, få svar på brev og epostar i same målform som avsendar har nytta.
8. Kommunen sitt arkiv skal vera nøytralt med omsyn til målform.
9. Kommunen skal ha digital programvare tilgjengeleg i begge målformene så sant det er mogeleg.
10. For å ta vare på dialekta, som ein del av den lokale kulturarven, skal Hemsedal kommune rette seg etter tiltak som er nedfelt i Vedlegget «Dialektfremmande tiltak».
11. Skulane i kommunen skal nytte den gjeldande målforma. Val av skriftmål for elevane i skulen skjer elles etter dei lovane og forskriftene som regulerer slikt. I den munnlege opplæringa skal undervisningspersonell og skuleleiing i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.
12. Hemsedal kommune skal vera tilslutta Landssamanslutninga av Nynorskkommunar (LNK).
13. Målbruksplanen vert evaluert om eitt år.

## Utfyllande kommentarar til målbruksplanen

### Stadnamn

Som ein del av det språklege mangfaldet i Noreg er Hemsedal kommune medviten sitt ansvar for å dyrke og å verne den lokale stadnamn-tradisjonen.

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Skrivemåten skal følgje stadnamnlova frå 1990. I Forskrift til lova om skrivemåten av stadnamn står det slik i § 3:

"Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det. Namn som inneholder allment kjende ord eller namneledd, skal som hovedregel rette seg etter gjeldande rettskriving. Ved fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn skal det leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har når det gjeld skrivemåte."

## Gjennomføring – opplæring

Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i god og klar målføring generelt, og nynorsk målbruk spesielt. Rådmannen syter for at det i kommunen sine planar for kompetanse blir inkludert opplæring i bokmål, nynorsk og «Klart språk». Døme på oppslagskjelder som fins er mellom anna:

- [Klart Språk](#) - digitale kurs via DiFi
- [LNK](#) - Landssamanslutninga av nynorskkommunar. Målbruksplanen legg til grunn at Hemsedal kommune held fram som medlem av LNK og såleis får tilgang til dei kurs som LNK gjev tilbod om.
- [Språkrådet](#), som har tilbod om ulike kurs

## Hjelpemiddel – aktuelle lenker

Lovdata: Mållova, Opplæringslova

Språkrådet

Hemsedal kommune skal gje alle tilsette tilgang til digitale ordlister i begge målformene.

## VEDLEGG 1 Dialektfremmande tiltak

Vedlegget vert utarbeida innan sommaren 2020